

Søknad

Søknadsnr.	2016-0106	Søknadsår	2016	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016			
Prosjektnavn	Overvåking av havørn ved oppdrettsanlegg - forprosjekt			

Kort beskrivelse

Solund kommune vil saman med Sulefisk AS overvåke havørn ved oppdrettslokaliteten i Juvika. Uni Research vil gjennomføre eit forprosjekt for å kartlegge aktiviteten til havørn i området. Oppdrettsanlegget i Juvika vart i 2008 plassert rett ved eit eldre havørnreir etter noko strid. Kunnskapen som kjem fram i prosjektet er viktig for forståing av mogelege problem knytt til lokalisering av oppdrettsanlegg. Forprosjektet bør leggje grunnlag for eit større prosjekt om det er vellukka.

Prosjektbeskrivelse

Solund var lenge sørgrense for hekkande havørn i Noreg. Juvika er ein av dei eldste og mest brukte hekkelokalitetane for havørn i Solund. Havørnbestanden i Noreg og i Solund har vore i god vekst dei siste 20 åra.

Oppdrettsnæringa har i same perioden vokse seg stor i Noreg. I Solund er oppdrett ei svært viktig næring.

Det har opp i gjennom åra vore enkelte situasjonar der det har vore arealkonfliktar mellom havørn og utlegging av nye oppdrettslokalitetar. Med aukande hekkebestand av havørn og aukande aktivitet i oppdrettsnæringa er potensialet for fleire slike arealkonfliktar vere aukande. Det er difor viktig å få fram meir kunnskap om havørna sin arealbruk i område med oppdrettslokalitetar.

Hausten 2008 vart det lagt ut eit oppdrettsanlegg nær opptil ein gamal og mykje brukt hekkelokalitet for havørn ved Juvika i Solund. Havørna har nytta området og fått fram ungar fleire av åra etter at anlegget vart lagt ut, likevel vert det argumentert for at anlegget er i konflikt med havørna i området.

Oppdrettsselskapet Sulefisk og Solund kommune ynskjer gjennom forprosjektet å kartlegge og overvåke havørna for få fram meir kunnskap om havørna sin arealbruk på denne konkrete lokaliteten. Om forprosjektet er vellukka og metodikken gjev forventa kunnskapsauke så er det ynskjeleg å leggje grunnlag for eit større prosjekt som strekkjer seg over minimum tre år og som tek føre seg fleire hekkelokalitetar for havørn med ulik avstand til oppdrettslokalitetar.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Solund kommune Org.nr:964964458	Kommunehuset 6924 HARDBAKKE	90192471
Kontakt-	Tor Arne Hauge	Kommunehuset	90192471

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
person		6924 HARDBAKKE	
Prosjekt- leder	Tor Arne Hauge	Kommunehuset 6924 HARDBAKKE	90192471

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Ikkje til dette prosjektet.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Solund var lenge sørgrense for hekkande havørn i Noreg. Juvika er ein av dei eldste og mest brukte hekkelokalitetane for havørn i Solund. Havørn er ein ansvarsart for Norge og vert difor teke mykje omsyn til i miljøforvaltning og arealforvaltning. Havørnbestanden i Noreg og i Solund har vore i god vekst dei siste 20 åra.

Oppdrettsnæringa har i same perioden vokse seg stor i Noreg. I Solund er oppdrett ei svært viktig næring.

Det har opp i gjennom åra vore enkelte situasjonar der det har vore arealkonfliktar mellom havørn og utlegging av nye oppdrettslokalitetar. Med aukande hekkebestand av havørn og aukande aktivitet i oppdrettsnæringa er potensialet for fleire slike arealkonfliktar vere aukande. Det er difor viktig å få fram meir kunnskap om havørna sin arealbruk i område med oppdrettslokalitetar.

Prosjekt mål

Oppdrettsselskapet Sulefisk og Solund kommune ynskjer gjennom forprosjektet å kartlegge og overvåke havørna for få fram meir kunnskap om havørna sin arealbruk på denne konkrete lokaliteten.

I ei tid med aukande havørnbestand og auka press på arealbruk i kystområda er det eit mål å få fram kunnskap om korleis havørn og oppdrettsanlegg kan eksistere i same området, og kva eventuelle avstandar som må vere mellom havørnreir og oppdrettslokalitetar. Overvaking av reiret i Juvika vil vere eit fyrste steg på denne vegen for auka kunnskap.

Om forprosjektet er vellukka og metodikken gjev forventa kunnskapsauke så er det ynskjeleg å leggje grunnlag for eit større prosjekt som strekkjer seg over minimum tre år og som tek føre seg fleire hekkelokalitetar for havørn med ulik avstand til oppdrettslokalitetar.

Det skal utarbeidast ein prosjektrapport som skal danne grunnlaget for ei avgjerd om forprosjektet skal fylgjast opp med eit hovudprosjekt. Prosjektrapporten skal skissere rammene og måla for eit evt. hovudprosjekt.

Forankring

Prosjektet har sitt utspring i Solund kommune og Sulefisk AS. Erfaring med korleis konfliktpotensialet mellom hekkande havørn oppdrettsaktivitet kan verte vektlagt i avvegingar mellom viltinteresser og næringsinteresser gjer at ein ser trong for meir kunnskap.

Fylkeskommunen er kontakta og orientert om prosjektet, og har vist interesse for å få fram meir

kunnskap om emnet. Frode Hovland på næringsavdelinga og Torbjørn Hasund på planavdelinga kjenner til prosjektskissa og har vore positive til eit prosjekt.

Fylkesmannen v/Tore Larsen kjenner og til prosjektet og vil naturlegvis verte orientert om vidare framdrift.

Oppdrettsnæring er i kommuneplan for Solund 2008-2020 trekt fram som eit viktig satsingsområde.

Prosjektorganisering

Prosjekteigar er Solund kommune.

Prosjektansvarleg er Tor Arne Hauge, Nærings- og naturforvaltar i Solund kommune

Styringsgruppe for prosjektet vert samansett av:

- PA - Tor Arne Hauge,
- Michael Niesar, dagleg leiar i Sulefisk AS

Referansegruppe for prosjektet:

- Frode Hovland, Sogn og Fjordane Fylkeskommune
- Tore Larsen, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Nils Christian Bjørgo, NOF avd. Solund

Samarbeidspartnere

Sulefisk AS er initiativtakar og samarbeidspart til prosjektet og har sagt seg villig til å stille med 50% av finansieringa.

Fylkeskommunen er interessert i problemstillinga, både med omsyn til viltforvaltning, næringsutvikling og planarbeid.

Fylkesmannen er interessert i å få fram meir kunnskap om havørnbestanden og konfliktnivå mellom oppdrett og hekkande havørn.

Aktivitetar

Det skal gjennomførast 4-5 feltdagar med observasjonar av havørna sin aktivitet i området.

Feltarbeidet vil skje i hekketida våren 2016.

Det skal utarbeidast ein porsjektrapport som skal danne grunnlaget for avgjerd om det skal arbeidast vidare for å etablere eit hovudprosjekt over fleire år der fleire hekkelokaliatar vert med.

Feltarbeidet vil verte gjennomført av innleigd hjelp med høg kompetanse.

Målgrupper

Målgruppene for prosjektet er kommunar, fylkeskommunar, næringsaktørar og andre med interesse for forvaltning av havørn og vidare utvikling av oppdrettsnæringa langs kysten.

Resultat

Resultatet av prosjektet skal vere ein rapport som gjev grunnlag for å avgjere om ein skal lage eit

hovudprosjekt.

Dersom ein får gjennomført eit hovudprosjekt vil dette kunne gje oss kunnskap som lettar planarbeidet i kommunane ved at eventuelt konfliktnivå mellom havørn og oppdrett vert lettare å definere i det einkilde tilfellet.

Effekter

Oppdrettsaktørar vil lettare kunne planleggje næringsaktiviteten og arealbruken sin dersom kunnskapen om havørna sin arealbruk vert styrka.

Kommunar vil lettare kunne vurdere reelt konfliktpotensiale mellom havørn og oppdrett om kunnskapsnivået vert betra.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Administrasjon, eigeninnsats	10 000					10 000
Kjøp av tenester, feltarbeid	60 000					60 000
Kjøp av tenester, rapportering	30 000					30 000
Møter i styringsgruppa, eigeninnsats	20 000					20 000
Transport/båt	5 000					5 000
Sum kostnad	125 000					125 000

Mesteparten av kostnadane i prosjektet knyter seg til kjøp av konsulenttenester. Sjå vedlagde prosjektskildring med pristilbod.

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Eigeninnsats, Solund kommune	20 000					20 000
Eigeninnsats, Sulefisk	10 000					10 000
Tilskot frå Sulefisk AS	40 000					40 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016	55 000					55 000
Sum finansiering	125 000					125 000

Geografi

1412-Solund

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Havørn søknad Solund 2016.pdf	189 363	17.03.2016